



DEN NORSKE KIRKE

Ordning for gravferd frå kyrkje eller krematorium

Den følgjande ordninga for Gravferd er vedteken av Kyrkjemøtet 2002 som supplerande alternativ til ordninga i Gudstjenestebok for den Den norske kyrkja. Vedtaket er gjort med heimel i kronprinsreg. Res. Av 26. oktober 1990, jf Grunnloven §16.

Allmenne føresegner

1 Handlinga gravferd er fellesskapen si siste teneste for medlemmene sine. Når ein person er død, sørgjer dei som stod vedkomande nær, vanlegvis familien, for at lekamen til den døde vert handsama på verdig vis og får ei verdig gravferd. I gravferdslova er det gjeve grunnleggjande føresegner om gravferd.

Kven som har rett til - og dermed og det rettslege ansvaret for - å sørgja for gravferda, er regulert i §9 i gravferdslova.

Når ein person som høyrer inn under Den norske kyrkja, døyr, bør presten i kyrkjelyden og dei pårørande koma i kontakt med kvarandre snarast mogleg etter dødsfallet. Gravferd skal skje seinast 10 dagar etter dødsfallet, jf. gravferdslova §10 tredje ledd og §12.

2 Gravferd etter ordninga i kyrkja er ei kyrkjeleg handling av gudstenestleg karakter. I den liturgiske utforminga av handlinga uttrykkjer kyrkja det grunnleggjande i den kristne trua: at mennesket er Guds skapning, at Gud gjennom Jesu Kristi død og oppstode og trua på han har lagt grunnlaget for mennesket si frelse, at det på dommedag skal stå til ansvar for livet sitt og at det skal atterreisast i oppstoda av lekamen.

3 Gjennom val av skriftlesingar, høner og salmar og det som elles vert sagt og gjort, skal alle som har ansvar for eller medverkar til gravferdshandlinga, gjera sitt til at den bibelske bodskapen kjem til uttrykk i sin fylde.

Dei einskilde ledda i handlinga - mellom dei utsmykking, symbol og kranspålegging - må tilpassast den gudstenestlege karakteren. Ein bør syna måtehald i bruken av blomar, kransar og liknande.

Tale ved eventuell kranspålegging kan berre skje når den som sørgjer for gravferda, har gjeve samtykke til det.

Ein bør leggja til rette for at dei pårørande kan få medverka.

4 Salmar og songar skal godkjennast på førehand av den som har tenesta. Det same gjeld heidersvisingar og andre tiltak som vert ønskte i tillegg til gravferdsordninga. Alt musikkstoff som skal brukast, skal på førehand godkjennast av kantor/organist. For å gjera det mogleg å finna fram til song og musikk og andre innslag som høver best mogleg, bør kontakten med dei pårørande opprettast snarast mogleg.

5 For å sikra ei verdig gjennomføring av handlinga er det viktig at det vert avsett tilstrekkeleg tid.

Den som gjer teneste, skal og sjå etter at alle som medverkar i samband med gravferda, opptrer slik at handlinga kan gjennomførast på ein god og verdig måte, i samsvar med kyrkja sine ordningar.

6 Når det er ønskje om kyrkjeleg medverknad ved gravferda, skal den som sørgjer for gravferda, melde frå om gravferda skal følgjast av kistegravlegging eller kremasjon

Etter tilhøva og i samsvar med skikk og bruk på staden medverkar liturgen anten i kyrkje/kapell, eller i heimen og ved grava, eller berre ved grava.

Gravferdshandlinga kan skje i kyrkja også når det skal vera kremasjon. Når liturgen medverkar berre i heimen og ved grava eller berre ved grava, bruker ein ordninga Gravferd frå kyrkje eller krematorium i det omfanget som det er naturleg. Det same gjeld ved gravferd der det ikkje er forsamling til stades. Den kyrkjelege medverkinga kan ikkje avgrensast berre til jordpåkasting.

Ordninga Gravferd frå kyrkje eller krematorium kan med nødvendig tilpassing nyttast ved minneandakt i kyrkje eller kapell når kista ikkje står i kyrkja under handlinga.

7 Ved gravferd for spedborn gjeld dei same føresegnene som ved gravferd for born. Tilsvarande gjeld når foreldre ønskjer gravferd for born som er døde før fødselen. I slike høve kan ein gjera dei endringane i liturgileda som tilhøva måtte tilseia, men slik at Herrens bøn alltid vert teken med.

I kontakt med foreldre til døde spedborn eller born som er døde før fødselen, kan det vera viktig å gje foreldra hjelp til å gje det døde barnet namn.

Når foreldre som ønskjer at barnet deira skal døypast, mistar barnet sitt før dåp, minner presten dei om trøysteord som: «Far dykkar i himmelen vil ikkje at ein einaste av desse små skal gå tapt» (Matt 18,14) eller liknande.

8 Jordpåkasting skjer ved grava. Når ytre tilhøve eller vektige personlege grunnar krev det, kan liturgen reint unntaksvis avgjera at det skal skje inne i kyrkje/kapell.

Ved kremasjon skjer jordpåkastinga ved avslutninga av handlinga.

Som hovudregel skal kista senkast før jordpåkastinga. Soknerådet kan gjera vedtak om at jordpåkastinga skal skje før kista vert senka.

Kista skal som hovudregel senkast heilt ned.

Dersom det er tvil om at jordpåkastinga har skjedd, til dømes ved kremasjon i utlandet, kan ein ha jordpåkasting i samband med nedsetjing av urna.

9 Gravferd kan forretast av diakon etter avtale mellom diakonen, soknepresten og biskopen.

Er både presten og diakonen forhindra frå å gjera teneste ved gravferda, kan - etter godkjenning frå biskopen - ein lek kristen gjera denne tenesta.

10 Det kan klemtast med den største klokka i ca. 5 minutt før samanringinga, og det skal ringjast saman med den same klokka.

Ein kan klemta medan følgjet går til grava og medan kista vert senka, og når handlinga er slutt, kan det klemtast 3 gonger 3 slag.

Det kan ringjast medan følgjet går frå grava.

11 Liturgisk farge er fiolett.

Gravferd – frå kyrkje eller krematorium

1 | Klokkeringing

Medan det vert ringt saman, tek liturgen plass i koret.

2 | Preludium

Som preludium kan det fremførast høveleg instrumentalmusikk, korsong eller solosong. Preludiet kan vera forspel til første salmen.

3 | Salme

Denne salmen kan eventuelt flyttast til etter ledd 4.

4 | Inngangsort

L | Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Vi er samla her for å ta avskil med (navnet nevnes).

Saman vil vi overgje *han/henne* i Guds hender [og følgja *han/henne* til det siste kvilestaden].*

*Teksten i klammer kan ein utelata ved kremasjon.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

JOH 3,16

Deretter kan liturgen halda fram med eit av desse skriftorda:

Anten A

Jesus seier: Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.

MATT 11,28

Eller B

Gud seier i sitt ord: Kall på meg den dag du er i naud, så vil eg fria deg ut, og du skal gje meg ære.

SALME 50,15

5 | Inngangsbøn

L | Lat oss be.

Anten A

Frå djupet ropar eg til deg, Herre.

Herre, høyr mi røyst!

Vend øyret til mitt rop om nåde.

Dersom du, Herre, vil gøyme på synder, Herre, kven kan då bli stående?

Men hos deg er tilgjeving, så vi skal frykta deg.

Eg set mi von til Herren, eg lengtar, eg ventar på hans ord.

Mi sjel ventar på Herren, meir enn vaktmenn på morgenen, vaktmenn på morgenen.

Vent på Herren, Israel!

For hos Herren er miskunn og kraft til å løysa ut.

Han skal løysa Israel ut frå alle deira synder.

SALME 130,1-5

Eller B

Herre, du har vore ein boustad for oss i slekt etter slekt. Før fjella vart fødde, før jorda og verda vart til, frå æve til æve er du, Gud.

Du lèt mennesket bli til støv att og seier: “Menneskeborn, vend attende!”

For tusen år er i dine auge som dagen i går da han fór framom, eller som ei nattevakt.

Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet!

SALME 90,1-4.12

Eller C

Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Kvifor er du så langt borte når eg treng hjelp og skrik ut mi naud?

Min Gud, eg ropar om dagen, men du svarer ikkje, eg ropar om natta og finn ikke ro.

Men du, Herre, ver ikkje langt borte; min styrke, skund deg og hjelp meg!

SAL 22,2-3.20

Eller D

Heilage Gud, himmelske Far, du som rår over liv og død. Når vi no skilst frå ein av våre kjære, då styrk oss i trua, så vi og ved grava kan setja vår von til deg.

Herre Jesus Kristus, du trufaste Frelsar, som gjekk gjennom død og grav for oss: Ver hjå oss i vår siste naud og gjev oss eingong å samlast med deg og alle dine i huset åt Far din.

Heilage Ande, du vår trøystar i liv og død, fyll alle sørgjande med di trøyst. Fri oss frå åndeleg død, dra alle til deg og gjev oss å ha vår skatt i himmelen.

Eller E

Herre vår Gud, hos deg er livsens kjelde. I ditt lys ser vi lys.

I deg er det vi lever, rører oss og er til.

Hald oss fast i liv og død i din kjærleik, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

Eller F

Gode Gud, du som ser oss og kjenner oss, kom oss nær med di trøyst.

6 | Minneord

Eit kort minneord vert framført av liturgen eller av ein representant for dei pårørande. Det bør innehalde nokre biografiske moment med særleg vekt på det den døde har hatt å seie for dei som stod *han/henne* nær, og for andre livssamanhengar *han/ho* har vore verksam.

Her kan det følgja stutte helsingar, pålegging av blomar og/eller krans og eventuelt andre minnehendingar, som opplesing, musikk, lystenning o. a.

Her kan følgja

7 | Salme eller musikkinnslag

Eventuelt musikkinnslag kan vera vokalt eller instrumentalt.

8 | Skriftlesning

L | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om livet og døden, og dommen og vår von i Jesus Kristus.

Her følger tre lesingar. Tekstane vel ein slik at dei dekkjer de innhaldsmomenta som er nemnde framfor. Kyrkjelyden sit under lesninga. Tekstane kan lesast av liturgen eller av ein eller fleire andre. Skriftlesinga vert avslutta med:

L | Slik lyder Herrens ord.

Her følger eventuelt

9 | Salme

Dersom ledd 7 er ein salme, kan ledd 9 gå ut

10 | Tale

Kort tale over eit av dei opplesne skriftorda eller over ein annan høveleg tekst.

11 | Bøn

L | Lat oss be.

Anten **A**

L | Evige Gud, du som vi flyr til når vi sørgjer, ver nær med din fred. Styrk oss i trua. Gjev oss framtid og von. Vi takkar deg for (namnet ver nemnt) og det du gav oss gjennom *hans/hennar* liv.

Miskunnsame Gud, vi overgjev *han/henne* i dine hender. Du som har skapt oss i ditt bilete og har gjeve oss Jesus Kristus som vår Frelsar, reis oss opp på oppstodedagen til evig liv hos deg.

Eller **B**

L | Jesus Kristus, du som lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står, ver du vår styrke og trøyst, vårt lys og vår vegvisar. Lat oss alle ein gong ved trua på deg få del i gleda i oppstoda.

Eller C

L | Evige Gud, himmelske Far, du har i Son din, Jesus Kristus, gjeve oss siger over døden. Vi bed deg, lei oss ved din Heilage Ande, så vi aldri kjem bort frå deg, men lever livet vårt i trua på Son din og eingong når fram til det evige liv i riket ditt, ved Jesus Kristus, vår Herre.

Eller D

L | Herre Jesus Kristus, du som bar alle våre synder, vi takkar deg for din kjærleik som er sterkare enn døden. Gjev oss del i frelsa som du vann ved din død og di oppstode, og før oss med di mektige hand gjennom liv, død og dom inn til di evige glede.

Eller E

L | Himmelske Far, vi takkar deg for det du gav gjennom (namnet vert nemnt) som no er gått bort. Styrk og trøyst alle som sit i sorg og saknad. Vi gjev oss over i di sterke hand. Hjelp oss å leva i samfunn med deg, så vi eingong kan fara herifrå i fred, ved Jesus Kristus, Son din, vår Herre.

Eller F

Ei bøn som er skriven med tanke på den situasjon dei pårørande og lokalsamfunnet har opplevd i samband med dødsfallet.

Her kan følgja

12 | I dine hender

A | **I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd. Du forløyser meg, Herre, du trufaste Gud.**

I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd. Ære være Faderen og Sonen og Den heilage ande. I dine hender, Herre Gud, gjev eg min ånd.

Dette leddet kan òg syngjast som veksel song, sjå *Norsk Salmebok 2013*, nr 941.1. og 2. Her kan òg følge *Simeons lousang* (Luk 2,29-32) anten lesen eller sunge, sjå *Norsk Salmebok 2013*, nr 908 og 909.

13 | Fader vår

L | Lat oss saman be Fader vår.

Anten

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen.

Eller

A | Fader vår, du som er i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss var skuld, som vi òg forlet våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen.

14 | Salme

15 | Postludium

Før postludiet kan det framførast musikkinnslag, vokalt eller instrumentalt. Under postludiet vert kista boren ut.

JORDPÅKASTELSE

A | Ved grava

Før ledd 16 Salme set ein kista på senkeapparatet eller på planker e.l. over grava og let henne stå der til ho skal setjast ned i grava, sjå ledd 19 Nedsetjing.

Dersom det er vanleg på satden, kan ein setja kista heilt ned i grava med ein gong før salmen (ledd 16) vert sunge.

16 | Salme

Her kan følgja

17 | Skriftlesning

Ein av desse tekstane, som ikkje er brukt tidligare i gravferda:

Salme 23
Salme 50,15
Salme 121
Matt 11,28
Matt 28,1-10
Op 21,1-5a

Vår Gud er eun Gud som frelser, hos Gud Herren er det utveg frå døden.

SALME 68,21

Jesus Kristus seier: Ver ikkje redd!

Eg er den fyrste og den siste og den levande. Eg var død, men sjå, eg lever i all æve og har nøklane til døden og dødsriket.

OP 1,17B-18

Her kan følgja

18 | Bøn ved gravstaden

I denne bøna kan liturgen fylla ut (namnet vert nemnt) etter som det høver til dømes fullt namn, fornamn, vår kjære, vår ven osb.

Anten A

Herre Jesus Kristus, lat denne grava vera ein stad med von, i trua på deg som stod opp frå dei døde.

Eller B

Herre Jesus Kristus, du som sjølv vart lagd i ei grav, gjev at vi må følgja deg i oppstoda frå dei døde.

Eller C

Herre Jesus Kristus, lat (namnet vert nemnt) få kvila i fred under krossteiknet til morgonen for oppstoda. Hjelp oss i liv og død å setja vår von til deg.

Eller D

Herre Jesus Kristus, du som sjølv vart lagd i ei grav, lat denne staden vera ein fredsstad, der (namnet vert nemnt) får kvila under krossteiknet til dagen då du kallar alle fram frå gravene. Hjelp oss i liv og død å setja vår von til deg.

19 | Nedsetjing

Hovudregelen er at kista vert sett heilt ned i grava.

20 | Jordpåkasting

P | I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter kastar liturgen tre gonger jord på kista og seier:

Første gongen: Av jord er du komen.

Andre gongen: Til jord skal du bli.

Tredje gongen: Av jorda skal du atter stå opp.

21 | Skriftord og velsigning

Anten A

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i alle æve ikkje døy.

JOH 11,25-26

Eller B

L | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!

1 PET 1,3

P | *vend til dei sørgjande:*

Ta imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

22 | Salme

B | I krematorium

Gravferdshandlinga ovanfor (led 1-13) vert avslutta med Jordpåkasting (ledd 19-23). Som eit rent unnatak kan ein følgja denne ordninga i kirke/ kapell, sjå Almenne føresenger punkt 8.

19 | Nedsetjing

20 | Jordpåkasting

P | I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter kastar liturgen tre gonger jord på kista og seier:

Første gongen: Av jord er du komen.

Andre gongen: Til jord skal du bli.

Tredje gongen: Av jorda skal du atter stå opp.

21 | Skriftord og velsigning

Anten A

L | Vår Herre Jesus Kristus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i alle æve ikkje døy.

JOH 11,25-26

Eller B

L | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!

1 PET 1,3

P | vend til dei sørgjande:

Ta imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

22 | Salme

23 | Postludium

I rom der det ikkje er høve til nedsetjing, bør kista førast ut under postludiet.

SKRIFTLESINGAR

Tekstgruppe I

Anten A

Eg veit at min utløysar lever. Som den siste skal han stå fram i støvet.
Når huda er riven av meg og kjøtet er borte, skal eg sjå Gud.
Mine auge ser, det er eg som får sjå han, ikkje ein framand.
[Mitt indre fortærest av lengsel!]

JOB 19, 25–27 A. [27 B]

Eller B

Herren er min hyrding, eg manglar ikkje noko.
Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.
Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar for sitt namn skuld.
Om eg så går i dødsskuggens dal, er eg ikkje redd for noko vondt. For du er med meg.
Din kjepp og din stav, dei trøystar meg.
Du dukar bord for meg framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje. Mitt beger renn over.
Berre godleik og miskunn
skal følgja meg alle mine dagar, og eg skal bu i Herrens hus gjennom alle tider.

SALME 23

Eller C

Som hjorten lengtar etter bekker med vatn, lengtar mi sjel etter deg, min Gud.
Mi sjel tørstar etter Gud, etter den levande Gud.
Når skal eg få koma fram for Guds andlet?
Tårer er mitt brød dag og natt. Dagen lang spør dei meg:
«Kvar er din Gud?»

Dette minnest eg, min lengsel vell fram:
Til Guds hus vandra eg i festskaren med jubelrop og lovsong
– ein pilegrimsskare i fest.
Kvifor er du sorgtyngd, mi sjel, kvifor er du uroleg?
Eg vil venta på Gud!
Endå ein gong skal eg prisa han, min frelsar og min Gud.
SALME 42, 2–6

Eller D

Men eg blir alltid verande hos deg, du har gripe mi høgre hand.
Du leier meg med ditt råd,
og sidan tek du imot meg i herlegdom.
Kven har eg elles i himmelen?
Når eg er hos deg, har eg ikkje glede i noko på jorda.
Om kropp og hjarte forgår,
er Gud for evig mitt hjartans berg og min del.
Salme 73, 23–26

Eller E

Som ein far er mild med sine born,
er Herren mild med dei som fryktar han.
For han veit korleis vi er skapte, han kjem i hug at vi er støv.
Dagane mennesket får, er som gras, det blømer som blomen på marka.
Når vinden fer over han, er han borte, staden han stod på, veit ikkje lenger av han.
Men Herrens miskunn er frå æve til æve over dei som fryktar han.
Hans rettferd når til borneborn.
SALME 103, 13-17

Eller F

Eg lyfter auga mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå?
Mi hjelp kjem frå Herren,
som har skapt himmel og jord.
Han vil ikkje la foten din vakla, din vaktar vil ikkje blunda!
Sjå, han blundar ikkje og søv ikkje, Israels vaktar.
Herren er din vaktar,

Herren er din skugge ved di høgre hand.
Sola skal ikkje skada deg om dagen, heller ikkje månen om natta.
Herren skal vara deg frå alt vondt. Han skal verna om ditt liv.
Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.

SALME 121

Eller G

Herre, du ransakar meg og du veit –
du veit om eg sit eller står,
på lang avstand kjenner du mine tankar.
Om eg går eller ligg, ser du det, du kjenner alle mine vegar.
Før eg har eit ord på tunga, Herre, kjenner du det fullt ut.
Bakfrå og framanfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg.
Det er eit under eg ikkje skjønar,
det er så høgt at eg ikkje kan fatta det.
Kvar skulle eg gå frå din pust,
kvar kunne eg rømme frå ditt andlet?
Stig eg opp til himmelen, er du der, legg eg meg i dødsriket, er du der òg.
Tek eg soloppgangens venger og slår meg ned der havet endar,
då fører di hand meg jamvel der, di høgre hand held meg fast.
Eg kan seia: «Lat mørkret løyna meg og lyset omkring meg bli natt.»
Men mørkret er ikkje mørkt for deg,
natta er lys som dagen, mørkret er som lyset.
Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarte, prøv meg og kjenn mine tankar!
Sjå om eg følgjer avgudsveg,
og lei meg på den evige vegen!

SALME 139, 1–12. 23–24

Eller H

Alt har si tid.
Det er ei tid for alt
som hender under himmelen:
ei tid for å fødest, ei tid for å døy,
ei tid for å planta, ei tid for å riva opp. ei tid for å gråta, ei tid for å le,
ei tid for å sorgja, ei tid for å dansa, ei tid for å leita, ei tid for å mista.
Alt gjorde han vakkert, kvar ting til si tid. Ja, alle tider har han lagt i hjartet deira.

Eg skjøna at alt Gud gjer, står gjennom alle tider.
Ingen kan leggja noko til,
og ingen kan trekkja noko frå.

FORK 3, 1–2. 4. 6A. 11A. 14A

Eller I

Sion seier: «Herren har forlate meg, Herren har gløymt meg.»
Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn, ei omsorgsfull mor det barnet ho bar?
Sjølv om dei skulle gløyma,
skal ikkje eg gløyma deg.
Sjå, eg har teikna deg i hendene mine.

JES 49, 14–16A

Eller J

Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt,
ho er ny kvar morgon.
Din truskap er stor.
Eg seier: Herren er min del, eg set mi von til han.
Herren er god mot dei
som ventar på han og søker han.
Det er godt å vera stille
og venta på hjelp frå Herren.

KLAG 3, 22–26

Tekstgruppe II

Anten A

Eller veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans.

ROM 6, 3–5

Eller B

Er Gud for oss, kven er då imot oss? Han som ikkje sparte sin eigen Son, men gav han for oss alle, kan han anna enn gje oss alt med han?

Kven vil koma med skuldingar mot Guds utvalde? Gud er den som frikjenner.

Kven kan då fordømme? Kristus Jesus er den som døydde, ja, meir enn det, han vart reist opp og er ved Guds høgre hand, og han bed for oss. Kven kan skilja oss frå Kristi kjærleik? Naud eller angst eller forfølging eller svolt, å stå naken eller i fare eller framfor sverd?

For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.

ROM 8, 31 B – 35. 38–39

Eller C

For ingen av oss lever for seg sjølv, og ingen døyr for seg sjølv. Lever vi, så lever vi for Herren, og døyr vi, så døyr vi for Herren. Anten vi då lever eller døyr, høyrer vi Herren

til. Difor var det Kristus døydde og vart levande att: Han skulle vera herre over både levande og døde. Men du, kvifor dømmer du bror din, eller kvifor ser du ned på bror din? Vi skal alle fram for Guds domstol, for det står skrive:

Så visst som eg lever, seier Herren, for meg skal kvart kne bøya seg, og kvar tunge skal vedkjennast Gud.

Så skal då kvar og ein av oss leggja fram sin eigen rekneskap for Gud.

ROM 14, 7–12

Eller D

Kjærleiken tek aldri slutt. Profetgåvene skal bli borte, tungene skal teia og kunnskapen forgå.

For vi skjønar stykkevis og talar profetisk stykkevis. Men når det fullkomne kjem, skal det som er stykkevis, ta ende.

Då eg var barn, tala eg som eit barn, tenkte eg som eit barn, forstod eg som eit barn. Men då eg vart vaksen, la eg av det barnslege.

No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis,

men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud.

Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken. 1

KOR 13, 8–13

Eller E

For dette forgjengelege må bli kledd i uforgjengelegdom, og dette dødelege kledd i udødelegdom. Men når dette forgjengelege er ikledd uforgjengelegdom og dette dødelege er ikledd udødelegdom, då blir det ordet oppfylt som står skrive:

Døden er slukt og sigeren vunnen. Død, kvar er din brodd?

Død, kvar er din siger?

Brodden i døden er synda, og krafta i synda er lova. Men Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!

1 KOR 15, 53–57

Eller F

Men vi som høyrer dagen til, vi skal vera edrue, kledde med tru og kjærleik som brynje og med vona om frelse som hjelm. For Gud har ikkje valt oss ut til vreide, men til å vinna frelse ved vår Herre Jesus Kristus. Han døydde for oss så vi skal leva saman med han anten vi vaker eller søv. Difor må de setja mot i kvarandre og oppbyggja kvarandre.

1 TESS 5, 8–11A

Eller G

Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord. For den første himmel og den første jord var borte, og havet var ikkje meir. Og eg såg den heilage byen, det nye Jerusalem, koma ned frå himmelen, frå Gud, gjord i stand lik ei brur som er pynta for sin brudgom. Og eg høyrde frå trona ei høg røyst som sa:

«Sjå, Guds bustad er hos menneska.
Han skal bu hos dei,
og dei skal vera hans folk,
og Gud sjølv skal vera hos dei.
Han skal vera deira Gud.
Han skal tørka kvar tåre frå auga deira,
og døden skal ikkje vera meir,
og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pine.
For det som ein gong var, er borte.»
Han som sit på trona, sa: «Sjå, eg gjer alle ting nye!»

OP 21, 1–5 A

Tekstgruppe III

Anten A

«Sæle dei som er fattige i ånda, himmelriket er deira.
Sæle dei som sørgjer, dei skal bli trøysta.
Sæle dei audmjuke, dei skal arva jorda.
Sæle dei som hungrar og tørstar etter rettferda, dei skal bli metta.
Sæle dei miskunnsame, dei skal få miskunn.
Sæle dei reine i hjartet, dei skal sjå Gud.
Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born.
Sæle dei som blir forfølgde for rettferd skuld, himmelriket er deira.

MATT 5, 3–10

Eller B

Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava.

Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kledda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som

døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: ‘Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.’ – No har eg sagt det til dykk.»

Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»

MATT 28, 1–10

Eller C

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» 16 Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

MARK 10, 13–16

Eller D

Spenn beltet om livet og lat lampene brenna! Ver lik tenarar som ventar herren sin heim frå bryllaupsfest og står ferdige til å opna så snart han kjem og bankar på. Lukkelege er dei tenarane som herren finn vakne når han kjem! Sanneleg, eg seier dykk: Han skal binda opp kjortelen, føra dei til bords og sjølv gå fram og tena dei. Ja, lukkelege er dei som han finn vakne, sjølv om han ikkje kjem før i andre eller tredje nattevakta!

LUK 12, 35–38

Eller E

Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Den som høyrer mitt ord og trur på han som har sendt meg, har evig liv og kjem ikkje for dommen, men har gått over frå døden til livet. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Det kjem ein time, ja, han er alt komen, då dei døde skal høyra røysta til Guds Son, og dei som høyrer, skal leva. For slik Far har liv i seg sjølv, har han òg gjeve Sonen å ha liv i seg sjølv, og han har gjeve han fullmakt til å halda dom fordi han er Menneskesonen.

JOH 5, 24–27

Eller F

Alle dei som Far gjev meg, kjem til meg, og den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort. For eg er ikkje komen ned frå himmelen for å gjera det eg sjølv vil, men det han vil, han som sende meg. Og det han vil, han som sende meg, er at eg ikkje skal mista nokon av alle dei han har gjeve meg, men reisa dei opp på den siste dagen. For det vil Far min, at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal ha evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen.»

JOH 6, 37–40

Eller G

Eg er den gode gjetaren. Eg kjenner mine, og mine kjenner meg. Og eg gjev dei evig liv; dei skal ikkje i all æve gå tapt, og ingen skal riva dei ut av mi hand. Det Far min har gjeve meg, er større enn alt anna, og ingen kan riva det ut av handa til Far min.

JOH 10, 14. 28–29

Eller H

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen.» Tomas seier til han: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?» Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.

JOH 14, 1–6

Bibeltekstane er henta frå Bibel 2011 © Det Norske Bibelselskap

